

Aust-Telemark vassområde (VO)

Møtereferat

Møte Arbeidsgruppemøte
Møtestad Rådhuset Torget 2, Rjukan
Møtedato/-tid 10.05.2011 kl.10.00-15.00

Møteleiar og referent: Liv R. Flå

Til stades:

Bjørn Bjørnsen	Tinn kommune
Dorthe Huitfeldt	Vinje kommune
Jon Tvitekkja	Vinje kommune
Ingrid Strande	Telemark fylkeskommune
Liv Rigmor Flå	Prosjektleder

Kopi (* = forfall):

Arne Kjellsen	Fylkesmannen i Telemark
Marte Berdahl	Notodden kommune

Nr.	Sak	Ansvar	Frist
02.01	Referatsaker Kommentarar til referatet frå AU-møte 04.02.11: <u>Sak 01.01</u> : Arne og Liv har gjennomført karakteriseringsmøte i Tinn. Marte har sendt ein e-post (11.04.11 til Arne og Liv) med opplysningar frå Notodden. Det gjenstår å innhente opplysningar frå Vinje (kontakt: Jon Tvitekkja) og Kvennavassdraget (kontakt: Sigurd Rognerud). <u>Sak 01.02</u> : Forslag til planprogram for Vest-Viken vassregion er sendt ut til lag, foreiningar, organisasjonar, industri og regulant i dei tre kommunane (tilsaman 34 adressatar). <u>Sak 01.03</u> : Inntil samansetninga av styringsgruppe, arbeidsgruppe og referansegruppe blir handsama av politisk vald styringsgruppe ved gjennomgang av revidert forslag til prosjektplan, er sak 01.03 førebels ei drøftingssak i arbeidsgruppa. Det bør arrangerast opne møte i alle kommunane til hausten om "vesentlege vassforvaltningsspørsmål".	Arne	01.08.11
02.02	Forslag til revisjon av prosjektplanen for Aust-Telemark vassområde Forslaget til prosjektplan av 11.11.10 vart gjennomgått og endra på møtet. Dette revisjonsforslaget av 10.05.11 blir sendt	Liv	13/5

	til styringsgruppa.		
02.03	<p>Høyring av planprogrammet for Vest-Viken vassregion</p> <p>VRM ønskjer eit samordna høyringssvar frå kommunane i vassområdet.</p> <p>Planprogrammet vart handsama av samfunnsutvalet i Tinn kommune 02.02.11 (sak 2/11). Notodden kommune handsamar planprogrammet i teknisk utval 18.05.11. I Vinje kommune er saka administrativt handsama.</p> <p>Saksframlegg og vedtak i kommunane blir sendt til styringsgruppa, med forslag til eit samordna høyringssvar frå styringsgruppa.</p>	Liv	13/5
02.04	<p>Vesentlege vassforvaltningsspørsmål i vassområdet</p> <p>Vassområdet skal innan 01.07.11 sende inn ein <u>førebels</u> oversikt til VRM over ”vesentlege vassforvaltningsspørsmål” i vassområdet.</p> <p>Arbeidsgruppa sette opp følgjande punkt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nedgangen i fiskbestandane i Møsvatn • Manøvreringsreglementet for Møsvatn • Manøvreringsreglementet for øvre del av Mårreguleringa • Forureining frå leiingsnettet på Rjukan • Vasskvaliteten i Måna • Manglande renseanlegg på Våer <p>Oversikten skal sendast styringsgruppa, med forslag til vedtak som følgjande: Arbeidsgruppa arbeider vidare for å skaffe eit godt grunnlag til å vurdere/prioritere ”vesentlege spørsmål” i vassområdet, og for å få ein god prosess som skaper brei medverknad frå brukarinteressene i dette spørsmålet.</p>	Liv	13/5
02.05	<p>Eventuelt</p> <p>Ingen saker</p>		